

Utdanningsforbundet
Klubben ved Høyanger skule
v/Sonja Aasen Årdal, ATV

Høyanger kommune,
Oppvekst v/ kommunalsjef Stig Engen

HØYRINGSSVAR TIL SKULEBRUKSPLANEN 2026-2031

Skulebruksplanen har vore drøfta i klubbmøte ved Høyanger skule 27.11.25, og klubben vil gje eit tilsvar til denne. Vi ynskjer først og fremst å kommentere alternativa for Kyrkjebø skule og Høyanger barneskule som er oppsummerte på side 39 i planen.

Her vert det skissert alternativ der elevar frå Kyrkjebø kan gå saman med elevane i Høyanger frå hausten 2026, med bruk av lokala i Tingsurda, barneskulen og ungdomsskulebygget, eller verte overførte til Høyanger skule i 2029/30. For Høyanger skule er det to alternativ, med og utan bruk av barneskulebygget. Under alternativ 2, der elevane i 2.-9./10. klasse er tenkt samla i ungdomsskulebygget, vert det kommentert at «ein i dette alternativet vil få noko utfordringar knytt til spesialrom på ungdomsskulebygget».

Barneskulebygget ved Høyanger skule er i svært dårleg stand, og framtidig bruk av bygget er uavklara, både på kort og lenger sikt, slik det også går fram i planen. Lærarar som har arbeidd i bygget har erfaringar med at luftkvaliteten har gått ut over helsetilstanden for både lærarar og elevar, til dømes i form av hyppigare førekomst av hovudverk og migrene. Vi meiner difor at det ikkje vil vere tilrådeleg å planlegge for å få fleire elevar inn i bygget. Med fleire elevar i klasseromma vil luftkvaliteten bli enno dårlegare, og fleire born vil bli eksponerte for mogelege helseplager. Det er difor heller ikkje usannsynleg at bygget kan bli stengt for undervisning i løpet av dei komande åra, og at alternativ 2 må setjast i verk.

Alternativet med 2.-9. klasse i ungdomsskulebygget er ei svært dårleg løysing, etter vårt syn. Å planlegge for ein skulekvardag der bygget skal fyllast til det ytste, på kostnad av bruken av spesialrom, finn vi heilt uakseptabelt. Praktiske fag som kunst og handverk, mat og helse og musikk er viktige fag som krev rom og utstyr for å drive praktisk undervisning. Naturfag er eit teorifag som er avhengig av eigna rom og utstyr for å kunne gjere praktiske forsøk, som er ein heilt nødvendig føresetnad for ei god nok undervisning. Desse faga er viktige for elevane sin trivsel og ei allsidig læring, og signala frå utdanningsdepartementet er at praktiske og estetiske fag bør styrkast i skulen i tida framover.

Ungdomsskulebygget er også prega av alder, slitasje og minimalt vedlikehald, og er i utgangspunktet lite funksjonelt for dagens skuledrift, for eksempel når det gjeld tilgangen til grupperom. Dette er allereie i dag ei stor utfordring. Talet på elevar med særlege behov er aukande, særleg når det gjeld mental helse og fråversproblematikk, og i denne samanhengen er det stor trong for tilgang på rom der ein kan skjerme elevar, legge til rette for individuelle opplegg, ha samtaler eller anna tett oppfølging. Når elevar med særlege behov legg beslag på klassen sitt grupperom, har dei andre elevane i klassen ingen ekstra rom til gruppearbeid og liknande.

Sjølvs om talet elevar går ned, vil talet på klassegrupper i stor grad bli konstant. Det er allereie i dag berre ein klasse i dei fleste kull på barnetrinnet, og det vil i lang tid vere trong for to klassar på ungdomstrinnet. Det vil seie at det i mange år vil bli ein situasjon der det ikkje er nok rom til alle klassane utan å ta spesialrom. Ei løysing der ein planlegg for å fylle bygget med så mange klassar, vil vere medverkande til å auke slitasjen og redusere trivselen og arbeidsmiljøet for både elevar og tilsette. Det vil særleg gå ut over elevar med særlege behov, men alle elevar og lærarar vil bli skadelidande under dette.

I begge alternativa er det lagt opp til at 1. klasse skal vere i Tingsurda. Ut frå erfaringane til personalet som arbeider i desse lokala, er romma pr. i dag ueigna til dette føremålet. Det er utfordringar med lystilhøve, støy og temperatur. Ei innreiing av desse lokale som undervisningsrom for førsteklasingar vil krevje utgifter til utbetringar.

Dei alternativa som er skisserte her, vil etter vår erfaring gje ein skulekvardag med plassutfordringar og marginale forhold for variasjon, trivsel og lek. Dette vil gjere det vanskeleg å oppfylle læreplanmåla i praktiske fag, og redusere høvet til å variere undervisninga med til dømes gruppearbeid. Uteområdet ved skulen er heller ikkje eigna til betre denne situasjonen.

Under «økonomiske vurderingar» vert det hevda at ei samling av elevane kan gje stordriftsfordelar gjennom meir effektiv ressursbruk og betre utnytting av kompetanse, og kan legge til rette for å styrke det faglege miljøet. Her vil vi stille spørsmål ved kva «effektiv ressursbruk» vil seie, når det gjeld å planlegge for skuledrift i eit lenger tidsperspektiv. Etter vårt syn er dette ein ressursbruk som gjev dei best mogelege resultata, eller i det minste gode nok resultat til å ikkje skape ein negativ utviklingsspiral.

«Å styrke det faglege miljøet» ved ei samanslåing med dårlege rammevilkår kan fort bli ei utarming av det faglege miljøet, dersom fagpersonane ikkje får tilstrekkelege rammer for å drive faga sine, og trengsel og marginale fysiske forhold pregar arbeidskvardagen. Rekruttering av lærarar er ei stor og aukande utfordring, særleg i distriktskommunar. Nabokommunar konkurrerer om den same arbeidskrafta, og fysisk arbeidsmiljø og pedagogiske rammevilkår er viktige for å søkjarar til lærarstillingar.

Samfunnsutviklinga set store krav til skulen, og det er ei erkjenning hos styresmaktene at skuledrift er kompleks og krevjande, og at lek, variasjon og praktisk læring er viktigare for elevane si utvikling enn det som har vore rådande tenking dei siste åra.

Når kommunen skal planlegge for skulen i framtida, må difor pedagogiske omsyn telje med , ikkje berre økonomiske.

Dersom ein ynskjer ein skule med kvalitet, meiner vi at den beste løysinga er å samle 1.-4. klasse på Kyrkjebø og 5.-10. klasse i Høyanger. Kyrkjebø skule har bygningsmasse og uteområde med gode rammer for stimulans og lek for dei yngste elevane, i motsetnad til Høyanger skule.

Ved å samle dei yngste elevane på Kyrkjebø og mellomtrinn og ungdomstrinn i Høyanger, får ein samla fagpersonar på same trinn, samstundes som dei fysiske rammene er gode.

På denne måten ville ein også jamne ut noko av den motsetninga mellom sentrum og periferi i lokalmiljøet som ei løysing med å samle alle i tettstaden opnar for.

Vi oppmodar leiing og politikarar om å sjå heilskapleg på drifta av skular, ta omsyn til pedagogiske vilkår og sjå på både elevar og lærarar sin rett til eit godt nok fysisk arbeidsmiljø.

Høyanger skule, 5.12.2025

UDF Høyanger skule v/Sonja Aasen Årdal